



Informasjon til Foreldrekontaktar

Frøyland
ungdomsskule

Introduksjon

Takk for at du har sagt ja til å vere foreldrekontakt! Denne rolla er viktig for å styrke samarbeidet mellom heim og skule, og for å bidra til eit godt og inkluderande miljø for både barn og vaksne.

Rolleforklaring

Foreldrekontakten er ein representant for foreldregruppa i klassen. Du fungerer som eit bindeledd mellom foreldre og tilsette, og bidreg til god kommunikasjon og samhandling.

Oppgåver

- Formidle informasjon mellom foreldre og skulen.
- Organisere sosiale aktivitetar som klassefestar, turar eller dugnadar.
- Representere gruppa i FAU (Foreldrerådets arbeidsutval) eller andre samarbeidsfora.
- Bidra til å skape eit inkluderande og trygt miljø for alle.
- Koordinere praktiske oppgåver som vaktlistar, kakebaking eller transport ved arrangement.

Samarbeid

Du står ikkje åleine i rolla – lærarane og leiinga er tilgjengelege for støtte og rettleiing. Det er også vanleg å vere to foreldrekontaktar per gruppe, slik at de kan samarbeide og fordele oppgåver.

FAU-deltaking

Alle foreldrekontaktar på Frøyland ungdomsskule er òg medlemmer i FAU (Foreldrerådets arbeidsutvalg), der ein får høve til å påverke saker som gjeld heile skulen. FAU arbeider for å fremje eit godt læringsmiljø og styrke samarbeidet mellom heim og skule.

Kontaktinformasjon

Kontaktperson: Karl Inge Aksnes

E-post: karl.inge.aksnes@time.kommune.no

Telefon: 928 41 927

Retningslinjer for foreldrestyrte turar – FAU 12.05.22

- FAU har saman oppdatert og kome fram til følgjande retningslinjer.
- Ved oppstart av ny komité skal informasjonen ut til alle foreldre på trinnet. All relevant informasjon skal presenterast på foreldremøte og takast med i referatet etter møtet.
- Foreldrestyrte turar skal leggjast utanom skuletid.
- Foreldre som ikkje har høve til å reise med sitt eige barn kan få tilbod om hjelp frå andre vaksne.
- Foreldre som ikkje er med i komiteen frå starten av bør få sjanse til å bli med viss dei ønskjer det.
- Det skal leggjast til rette for god kommunikasjon mellom foreldregruppa og komiteen.
- Resultat frå dugnader skal ikkje leggjast ut saman med barnet sitt namn på Facebook.
- Komitear bør finne alternative dugnader slik at alle foreldre har moglegheit til å bidra.
- Foresette skal kunne frigjere seg frå dugnader ved å betale ein gitt sum.
- Komitear på tvers av skuletrinn bør ha ein dialog om når det er greitt å starte med dugnadar, og kvifor nokre dugnadar vert valde.
- Komiteen skal veljast på eit foreldremøte.
- Budsjett og rekneskap må presenterast skriftleg til foreldre med jamne mellomrom.
- Det skal leggjast ein alternativ plan for tur dersom den opphavlege planen ikkje let seg gjennomføre.
- Det skal vere tydelege og klare reglar for korleis dugnadspengar skal betalast ut og fordelast mellom elevane.
- Dersom komiteen gir seg, kan andre foreldre som ønskjer det danne ein ny komité og halde fram arbeidet.
- Retningslinjene for foreldrestyrte turar skal leggjast fram på foreldremøte i 1.-4. og 8. klasse.